



VIKTIG MELDING ERSTANINGSANSVAR

**Til alle som skal arbeide nær
kraftliner og kabelanlegg**



***Stryn*
Energi NETT**



Trefelling nær kraftlinjer

Berøring av spenningsførende liner er livsfarleg.

Kontakt alltid Stryn Energi Nett før du fel tre eller ryddar skog i nærleiken av linjer.

Hold avstand dersom eit tre blir felt over linja!

Den som påfører skade på nettanlegget kan bli stilt økonomisk ansvarleg.

Anleggs- og skogsmaskiner

Dersom du arbeider med anleggsmaskiner, skogsmaskiner eller anna utstyr som krev stor, fri høgde, så må du undersøkje om det finns kraftlinjer i nærleiken.

Skal du arbeide nærare enn 30 meter frå høgspenning, så må du kontakte Stryn Energi Nett på førehand. Ein vil då finne løysingar for arbeidet som hindrar skade. Det kan også vere aktuelt at Stryn Energi er med på trefelling nær linje.




Graving og boring i lausmassar

Ta alltid kontakt med Stryn Kommune om gravemelding, **før** arbeidet tek til. Kablar ligg sjeldan rettlinja som vist på kartet, rekn derfor sidelengs avvik på +/- 2,0 m.

Ved graving og boring langs kablar bør det handgravast stikkgrøfter kvar 10-20 meter. På grunn av mulege terrengendringar gjev ein ikkje opp noko bestemt djupne. Stryn Energi Nett tek difor ikkje ansvar for kablane si djupne.



Vakttelefon: 57 87 36 36



Erstatningsansvar

Den som påfører skade på Stryn Energi Nett sitt nettanlegg, kan bli stilt økonomisk ansvarleg for alle kostnader nettselskapet blir påført som følge av skaden. Dette er både reparasjonskostnader og tap grunna avbrot i levert energi/KILE.

Erstatningsbeløpet kan variere frå nokre tusen til fleire millionar kroner.



Stryn
Energi NETT

Om uhellet er ute

Ved luftlinjer

Om køyretøyet kjem i kontakt med høgspenning, bli sittande i køyretøyet til straumen er slått av.

Kontakt vår vakttelefon på **tlf 57 87 36 36 (nødnummer)** så snart som råd. Sjå til at ingen andre kjem i kontakt med køyretøyet.

Dersom du må forlate kjøretøyet på grunn av brann:

- Hopp ned på bakken med beina godt samla
- Unngå kontakt med køyretøy og jord (bakken) samtidig
- Fjern deg frå køyretøyet ved å hoppe med samla bein. Dette for å unngå "skrittspenning"

Ved kabel

Dersom ein kabel er skadd kan det være livsfarleg å røre denne. Gå bort frå kabelen og kontakt netteigar for utkopling av kabelen.

Ved trefelling

Skulle eit tre falle over ei kraftlinje, må du ikkje prøve å fjerne treet, rør det ikkje i det heile tatt. Sett ut vakt inntil lina er blitt kopla ut, slik at andre ikkje kjem bort i treet eller leidningen som har falle ned, og som kan være straumførande.

Ved fare for liv og helse:

110 – BRANN 112 – POLITI 113 - AMBULANSE



Det er ikkje lov å lagre tømmer, rundballar, fyllmasse eller reiskap i nærleiken av eller under kraftliner.



**Stryn
Energi NETT**

Tinggata 3, 6783 STRYN

Telefon: 57 87 36 00 Vakttelefon: 57 87 36 36 E-post: post@stryn-nett.no